

## **Sluttrapport**

# **Vinn – Vinn – prosjektet**

**Sept. 2007 – Aug. 2009**



Eit samarbeidsprosjekt i Ål og Hol kommune for å skape aktivitets- og arbeidstiltak for menneske utan tilknyting til ordinært arbeid, skule eller andre offentlege tiltak.

29.06.09

Herman Trillhus  
Leiar av styringsgruppa

Astrid Haug  
Prosjektleiar

## **Innholdsliste**

<b>1.0 Bakgrunn for prosjektet</b>	<b>2</b>
<b>2.0 Organisering og finansiering</b>	<b>2</b>
2.1 Styringsgruppe	2
2.2 Overordna nivå	2
2.3 Utøvande nivå	3
<b>3.0 Mål og innsatsområde</b>	<b>3</b>
3.1 Målsettingar for Vinn – Vinn	3
3.2 Prosjektleiren si rolle	3
3.3 Tilretteleggar si rolle	4
3.4 Innsatsområde	4
<b>4.0 Resultat / Arbeid gjennomført</b>	<b>5</b>
4.1 Oppfølging enkelt brukarar	5
4.1.1 Hospiteringsavtaler innan offentleg og privat sektor	6
4.1.2 Unge brukarar	7
4.1.3 Kartlegging av kommunale arbeidsoppgåver arbeidstiltak	7
4.1.4 Oppmuntringspengar eller prestasjonsløn	7
4.1.5 Søke om stønad til driftsmidlar og ulike prosjekt	7
4.1.6 Oppfølgingsplan tidsbestemt uførestønad	8
4.2 Tilrettelegging for grupper	8
4.2.1 Gjenbrukstasjon	8
4.2.2 Ål kommune	9
4.2.3 Hol kommune	10
4.3 Kostnadsoverslag for Vinn – Vinn	11
<b>5.0 Vurdering</b>	<b>12</b>
5.1 Kartlagt behov våren 2009	12
5.2 Dagens situasjon	13
5.3 Nav – reforma – oppbygging	14
5.4 Rettigheitar for dei ulike brukargruppene	15
5.5 Plassering av prosjektet	15
5.6 Innpass i kommunale organ	16
5.7 Falle mellom stoler	16
5.8 Unge brukarar	17
5.8.1 Praksisplassar for ungdom	18
5.8.2 Arbeidsinstituttet Buskerud	18
<b>6.0 Tilsyn</b>	<b>19</b>
6.1 Samarbeid mellom Vinn AS Hallingdal og kommunane	19
6.2 Kommunalt nivå	20
6.2.1 Samarbeid mellom vidaregåande skule, OT og kommunen	20
6.2.2 Praksisplassar til ungdom	21
6.2.3 Arbeidstaktsplassar/aktivitet for personar med inntektssikring	21
6.2.4 Prestasjonslønn/ oppmuntringspengar	22
6.2.5 Anna	22
6.2.6 Økonomi	22
6.2.7 Særlege tiltak	23

## **1.0 Bakgrunn for prosjektet**

Gjennom dei siste åra har det i Øvre Hallingdal vore eit administrativt og politisk fokus rundt behovet for utviding av arbeids- og aktivitetstilboda i regionen. Stadig fleire personar fell utanom arbeidslivet og andre tilrettelagte tiltak. Våren 2005 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Ål og Hol for å vurdere behovet for tilrettelagt arbeid, arbeidstreningstiltak og opplæring i tillegg til eksisterande tilbod.

Ingen instans hadde eit samla oversyn over behovet. Det var lite samarbeid på tvers ut over ad hoc-løysingar for enkeltpersonar. Ansvaret for enkelttiltaka var forankra hos Vinn AS Hallingdal, innan pleie- og omsorgstenesta i kvar av kommunane, sosialkontoret, psykisk helsevern, dag- og rehabiliteringsavdeling, hos flyktingekonsulenten, ruskonsulenten, skule/PPT eller skulehelsetenesta.

Vinn AS Hallingdal var oppteken av dei same problemstillingane og gjorde i SAK 23/05 vedtak om å utgreie desse utfordringane nærmare med tanke på eventuell utviding av verksemda.

I eit samarbeid mellom Ål, Hol og Vinn AS Hallingdal vart dette utgreiingsarbeidet gjennomført av ei arbeidsgruppe i 2006. Gruppa konkluderte med at det i dei to kommunane var om lag 100 personar som fall utanom ordinære opplærings- og arbeidsmarknadstiltak. Arbeidsgruppa utarbeidde også forslag til lokale prosjekt og tiltak, og dei tilrådde m.a. at det vart etablert eit nytt tiltak som ei ny avdeling i det interkommunale selskapet Vinn AS Hallingdal og lokalisert til Hol.

Nav Buskerud, Nav trygd Hol/Ål og Hol og Ål kommune inngikk i 2007 ei samarbeidsavtale knytt opp til eit 2-årig prosjekt ved namn Vinn – Vinn. Prosjektleiar vart tilsett frå hausten same år.

Våren 2008 kom etableringa av Nav med omstrukturering og nye samordna tiltak for målgruppa innafor arbeid, trygd og sosial hjelp.

## **2.0 Organisering og finansiering**

Ål og Hol kommune har avsett øyremarka statlege psykiatrimidlar gjennom "Plan for psykisk helsearbeid" til finansiering av Vinn – Vinn.

### **2.1 Styringsgruppe**

Prosjektet har hatt ei styringsgruppe beståande av seks representantar: Sosialeiarane og ein representant frå helse- og sosialeiinga i Hol og ein i Ål, samt leiaren for Nav trygd Hol/Ål og leiaren for Nav Aetat Hallingdal. Etter samanslåinga til Nav har leiарane i Nav Hol og Nav Ål, leiарane i avd. psykisk helsevern og ein representant for kvar av helse- og sosialeiarane utgjort styringsgruppa. Leiaren i Vinn AS Hallingdal har også delteke på møta.

### **2.2 Overordna nivå**

Prosjektleiarstillinga er finansiert gjennom:

- Frigjorte lønnsmidlar internt i Nav trygd Hol/Ål tilsvarende 0,3 stilling.
- Nav Buskerud har gjeve tilsegn om lønnsmidlar til 0,2 stilling.
- Ål og Hol kommune har innarbeidd lønnsmidlar til prosjektet frå 2007 og gått inn med 0,25 still kvar.

Prosjektleiar er tilsett i ei 2-årig fulltidsstilling frå 27.08.07. Stillinga er knytt til Nav Hol med kontorplace på Geilo og i Ål. Sommaren 2008 var prosjektleiarene frikjøpt i seks veker frå stillinga av Nav Ål for å avlaste i ferieavviklinga.

Spleiselaget på overordna nivå gjer at det vert meir att av kommunane sine midlar til konkrete tenester, desse midlane kan brukast til:

- driftskostnader i spleiseland med Vinn.
- kjøp av tenester knytt til enkeltpersonar.
- prestasjonslønn / oppmuntringspengar.

### **2.3 Utøvande nivå**

Tilretteleggarstillinga er finansiert av Hol og Ål kommune gjennom statlege psykiatrimidlar. Tilretteleggar vart ikkje tilsett før hausten 2008 av ulike årsaker. Arbeidsgjevaransvaret til denne stillinga er lagt til Vinn AS Hallingdal avd. Gol og med "oppmøtestad" på Ål. Stillinga er 40% (2 dagar pr. veke) frå 18.09.08. og fram til 31.08.09.

## **3.0 Mål og innsatsområde**

### **3.1 Målsettingar for Vinn – Vinn**

- Legge til rette for heilskaplege løysningar ved å vera ein brubyggjar mellom offentlige instansar.
- Auke livskvaliteten for kvar einskilt gjennom eit meiningsfylt og individuelt tilbod.
- Bidra til måloppnåing for den enkelte brukar.
- Styrke føresetnadene for at brukarane kan komme vidare inn i anna tiltak/arbeid på sikt.

Prosjektet skal ikkje overta andre kommunale eller statlige oppgåver lagt til andre instansar. Om mogeleg skal brukaren kanaliserast til andre etatar, derfor bør ein kjenne til og arbeide for eit nært tverrfaglig samarbeid.

### **3.2 Prosjektlearen si rolle**

- Vera ein nettverksbyggjar mellom ulike aktørar i bistandsapparatet slik at dei vert betre kjent med kvarandre sine verkemiddel og tilbod.
- Ha oversikt over ulike tilbod og muligheter innan kommune og stat, og vera ein formidlar til arbeid og aktivitet.
- Legge til rette for arbeid og aktivitet for ulike grupper.
- Vera ein pådrivar for å skape "arbeidsplassar" i det ordinære arbeidsliv og gjennom ulike prosjekter i regi av kommunane.

- Drive kartlegging av og motivasjonsarbeid for brukarar.
- Inngå avtaler om, og evaluere desse med oppdragsgjevarar.
- Halde seg orientert om og søke på prosjektmidlar.

### **3.3 Tilretteleggar si rolle**

- Dagleg oppfølging av brukarane ved behov.
- Legge til rette arbeidsplassar ut frå den enkeltes fungeringsnivå.
- Sørgje for opplæring og rådgjeving av tilsette som skal hjelpe brukarane i deira aktivitet.

### **3.4 Innsatsområde**

I forkant av prosjektet vart det kartlagt vel 100 personar i Hol og Ål med behov for tilrettelagte arbeids- og opplæringsstiltak. Dette var vesentleg fleire enn ein trudde. Særleg har gruppa unge som fell ut av vidaregåande skule fått eit auka fokus gjennom utgreiingsprosjektet.

<b>Rapportert 2006 frå:</b>	<b>Omfattar:</b>	<b>Hol kommune mengd og alder</b>	<b>Ål kommune mengd og alder</b>
Sosialtenesta	Flyktingar, rusklientar, andre yrkeshemma	10 personar 30-50 år	20 personar 21-56 år
Hol ungdomsskule/ Konsulent for funksjonshemma	Psykisk utv. hemma, personar med psykiske lidningar	6 personar 16-38 år 3 personar 11-16 år	7 personar 18-28 år
Psykisk helsevern	Personar med psykiske lidningar o.a.	19 personar 24-65 år	15 personar 16-65 år
Oppfølgingstenesta (OT)	Avbrote vidaregåande skule	5 personar 16-24 år	10 personar 16-24 år
	Personar utan kontakt med kommunale tenester	8-10 personar i alle aldersgrupper	
<b>Samla sum våren 2006 i kvar kommune</b>		51-53 personar	52 personar

Sidan gruppa var så omfattande vart følgjande målgruppe vektlagt:

**Alle innbyggjarar i Ål og Hol kommune i arbeidsfør alder med vektlegging på unge brukarar, samt psykiske lidningar og rus.**

## **4.0 Resultat / Arbeid gjennomført**

Rapporten til arbeidsgruppa var omfattande med tankar om ulike utformingar av arbeidet vidare. Mange menneske hadde skapt seg tankar rundt forma til prosjektet gjennom involvering i forarbeidet eller på anna vis.

Prosjektleiar byrja arbeidet gjennom å gjera seg kjent med ulike avdelingar og team innan kommune, fylke og stat. Grunnlaget for det vidare arbeidet vart lagt gjennom utforming av retningslinjer, skriv, hospiteringsavtale, samtykkeerklæring, oppfølgingsplan og samarbeidsmøte. Deretter kom ideen rundt gjenbruk i samarbeid med Hallingdal Renovasjon IKS, saman med kartlegging av arbeidsoppgåver og lokale i Kleivi.

Fyrste året av prosjektet gjekk utan tilsetjing av tilretteleggjar. Dette medførte ein reservasjon i inntak av brukarar og prosjektet gjekk for halv maskin. Ein søkte samarbeid frå brukar til brukar rundt oppfølging i det daglege. Prosjektleiar oppretta eit rådgjevande team i ei periode for å söke råd, lufta tankar og eigne frustrasjonar. Kjensla av å stå åleine og dermed vera sårbar var til tider påtakelig.

Prosjektet har vore meir på tilbodssida overfor enkeltbrukarar etter tilsetjing av tilretteleggjar. Tilretteleggjar har tidlegare arbeida i Vinn AS Hallingdal i mange år og var kjent med arbeidsmetodane, næringslivet og kunne dra vekslar på eige nettverk. Vurderinga av behovet for 2 stillingar var heilt rett.

Vinn – Vinn har samarbeida med Nav, Psykisk Helse i Ål og Hol, MRA (miljø og rehabiliteringsavdelinga) i Hol, KT (koordinerande team) i Hol, OT (oppfølgingstenesten i vidaregåande skule), Ål vidaregåande skule og Vinn AS Hallingdal. Vinn – Vinn har vore brukt til utarbeidning og rådgjeving i samband med nye aktivitetar og arbeidstilbod innan ulike kommunale avdelingar; følgje opp brukarar i arbeid/aktivitet, fange opp unge som droppar ut av skulen og oppfølging av menneske på tidsavgrensa uførestønad.

Arbeidet har i hovudtrekk vore ulikt i Ål og Hol kommune. Ål kommune har hatt fleire brukarar som dei ynskjer ”arbeidsavtale” for, med oppfølging ute i det ordinære arbeidslivet. Hol kommune har i hovudsak nytta eigne tiltak, ein har i tillegg arbeida med å skape fleire arbeidsretta tiltak. Prosjektleiar har delteke med innspel og arbeid rundt dei ulike tiltaka, men også jobba opp mot enkeltbrukarar.

### **4.1 Oppfølging av enkeltbrukarar**

Sosialkontoret i Hol, Prestegardsjordet, Ål vidaregåande skule avd. Lien og OT tok kontakt i løpet av fyrste veka. Dei meldte om eit behov rundt fleire enkeltbrukarar. Sidan har ikkje pågangen vore så stor som forventa, men han har derimot tatt seg opp att i 2009.

Prosjektleiar trur årsaka til dette er samansatt:

- Prosjektet trong tid til å finne si form og bli tatt med i vurderingar rundt brukarar.
- Tilretteleggjar vart tilsett etter eit års drift.
- Etablering av Nav – kontor.
- Gode tider i 2007/2008, lett å få arbeid, nedgangstider i 2009.

For å kunne lykkas med arbeid og aktivitet må brukar sjølv vera motivert, ha glede av og interesse for oppgåvene, føle seg nyttig og verdsett, dette er grunnleggande for oss alle. Nokon gonger er (saks-)behandlar meir motivert for arbeid enn brukar.

Menneske med kjent rusproblematikk over tid er ei gruppe Vinn – Vinn ikkje har lykkast med. Nokon av grunnane er forventningar frå brukaren om vanleg lønn frå dag ein, urealistiske tankar om kva jobb dei kan utføre, ustabilitet, samt vegring frå arbeidsgjevarar mot å ta dei inn.

Direkte brukarkontakt hausten 2007 – medio mai 2009						
Kontakt – formidlar	Hol kommune			Ål kommune		
	Tot alt	Oppfølg ing over tid	Oppfølgingsplan / vidareformidling/ ikkje aktuell	Tot alt	Oppfølg ing over tid	Oppfølgingsplan / vidareformidling/ ikkje aktuell
Psykisk helse	5	3	2	9	7	2
Nav	2	0	2	24	2	22
Ot / v.g.skule	3	3	0	3	0	3
Andre	1	0	1	1	0	1
Totalt	11	6	5	37	9	28

#### 4.1.1 Hospiteringsavtaler innan offentleg og privat sektor

Med få unntak har arbeidsgjevarar vore interessert i å inngå avtale, sjølv om ein berre kunne tilby gratis arbeidskraft. Dei arbeidsplassane som har vore negative til eit samarbeid har tidligare erfaringar frå liknande utplasseringar, då med manglande oppfølging frå hjelpeapparatet. Vinn – Vinn sine erfaringar frå utplassering av brukarar i arbeidslivet er nesten udekt positive.

I regi av prosjektet er det inngått avtaler om hospitering innan følgjande verksemder:

- utplassering på vidaregåande skule som assistent for vaktmeister og for elevar med spesielle behov.
- innan helse og omsorg med arbeidsoppgåver knytt til måltid, sysselsetting av bebuarar og anna forfallande arbeid.
- reinhald av kommunale bilar.
- assistent i barnehage.
- måling og vedlikehald av kommunale bygg.
- utvalde oppgåver i bibliotek.
- andre har vore utplassert på kafé, bakeri, kyrkjekontor, butikk og hestesenter.

Ikkje alle brukarar har klart å følgje opp over tid. For nokon oppdragsgjevarar har brukaren vorte for krevjande i forhold til arbeidsmiljøet. Likevel har oppdragsgjevarar og brukarar vore positive fordi Vinn – Vinn har stått for oppfølging av brukarane i vanskelege periodar. Stabile brukarar gjerne med tidlegare erfaring frå arbeidslivet kan verta ein ressurs rundt om på ulike arbeidsplassar. For å legge grunnlag for dette og lykkas er det nokon viktige faktorar som må vera på plass:

- Brukar og oppdragsgjevar må ikkje verta overlate til seg sjølve. Begge partar treng den tryggleiken det er å ha ein tredje person om noko oppstår.
- Korttidsavtaler i startfasen med klart definerte arbeidsoppgåver, faste tider og dagar. Faste evalueringssamtalar med brukar og oppdragsgjevar for å gi gjensidige tilbakemeldingar, skryt, fange opp og korrigere til beste for begge partar.
- Brukar møter i rett tid eller gir beskjed om vedkommande ikkje kjem.
- Nokon brukarar treng ein "fadder" på arbeidsplassen.

#### **4.1.2 Unge brukarar**

Tilretteleggar har hovudsakeleg arbeida med oppfølging av unge brukarar med samansette behov for tenester. Dei fleste oppdraga kjem gjennom OT (oppfølgingstenesten i vidaregåande skule). Det er unge som treng ein praksisplass eller lærepllass. OT ber om hjelp til å finne eit eigna tilbod etter at dei sjølv har gjort fleire forsøk, samtidig treng ungdomen tett oppfølging for å klare å stå i tiltaket. Andre unge treng meir tid før dei er klar for arbeid i ein eller annan form, for desse har vi lite å tilby anna enn motiveringssamtaler.

Psykisk helse formidlar også unge med psykiske vanskar som ikkje evnar å stå i andre tiltak gjennom Nav.

Prosjektleieren har hatt eit nært samarbeid med Ål vidaregåande skule, der Vinn – Vinn har skaffa og lagt til rette for framtidige arbeidsplassar for elevar med spesielle behov og uførepensjon. Samtidig har Ål vidaregåande skule tatt imot tre brukarar gjennom hospiteringsavtale. I Hol kommune har Vinn – Vinn delteke på fire møter i året saman med koordinerande team og OT rundt ”fråfallselevar”.

#### **4.1.3 Kartlegging av kommunale arbeidsoppgåver med formål arbeidstiltak**

Vinn – Vinn har utarbeida eit skriv for registrering av småjobbar i det kommunale systemet som kan vera eigna til arbeidstiltak for enkeltbrukarar. Tanken var å få registrert enkle og nedprioriterte oppgåver som snømoking, ordensmann, søppelhandtering, hjelpeemann, aktivisering av eldre osb. Kartlegginga er ikkje utført, men omtala for ulike tilsette i kommunen.

I hovudregel ser privat næring brukarar som ein ressurs dei kan ha økonomisk gevinst av over tid. Innan offentleg sektor tenker ein lett bruk av ressursar og meirarbeid for andre tilsette.

#### **4.1.4 Oppmuntringspengar eller prestasjonsløn**

Hol kommune har gode rutinar der Nav Hol har ansvar for inngåing av ”Arbeidsavtale i forbindelse med prestasjonslønn”, teieplikt, skattekort og melding til personalkontoret. Brukaren fører timelister og kommunen betalar ei timelønn pr. d.d. på tjue kroner i tillegg til anna yting frå Folketrygda. Vinn – Vinn har jobba fram ei tilsvarende ordning i Ål kommune. Her var praksisen meir tilfeldig og ansvaret var fordelt på ulike avdelingar innan helse- og sosial.

#### **4.1.5 Søke om stønadars til driftsmidlar og ulike prosjekt**

Det har vore problematisk å søke om ulike prosjektmidlar, årsaka er samansett. Mykje har vore på idé-stadiet, det vil seie at ein ikkje har hatt nok kjøt på beinet for å kunne legge fram ein plan med budsjett og innhald. Ofte er fristane korte for å søke midlar. Ting heng i saman, tilskot vert ikkje gjeve om ikkje kommunen går inn med midlar. Kommunen går ikkje inn om ein ikkje delfinansierar gjennom tilskot. Dette er tidkrevjande arbeid som lyt planleggast over tid.

To søknadar har tidlegare vore sendt utan at dei har ført fram. I april 2009 vart det søkt om midlar gjennom "Lavterskel arbeidsrettede brukertiltak i kommunene – Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse - Tilskudd 2009 Statsbudsjettet kapittel 0743 post 70 - Helse- og omsorgsdepartementet". Vilkåra for å söke var at kommunen går inn med tilsvarende beløp. Det vart søkt om halveparten av kostnadane i samband med ei 100% stilling. Ein tenker seg ei fulltidsstilling i Ål og ei i Hol med oppstart frå hausten 2009. Ål og Hol kommune sendte separate søknadar. Helsedirektoratet har mottatt veldig mange søknadar og vil gje svar i utgangen av juni.

#### **4.1.6 Oppfølgingsplan tidsbestemt uførestønad**

Vinn – Vinn har i samtale med brukarar skrive vel tjue oppfølgingsplanar i samband med tidsbestemt uførestønad. Etter eit år med stønad kan den trygda tene inntil 1G ( 72.881 kr.) utan å få reduksjon i stønaden. Dette for å oppmuntre til å prøve seg i arbeid. Fleire ynskjer å nytte denne mogelegheita, men nokon finn det vanskeleg sidan det er eit fåtal utlyste stillingar med låg stillingsprosent, samtidig kan helsetilstanden variere frå dag til dag.

### **4.2 Tilrettelegging for grupper**

Erfaring frå tidlegare arbeid innan bl.a. yrkesretta attførинг viser at ein har ei gruppe som ikkje meistrar å gå frå passivitet til aktivt tiltak på fulltid. Det er unge utan jobberfaring med behov for tett oppfølging i ei kortare eller lengre periode, i tillegg kjem menneske med rusproblematikk eller psykiske problem. Denne gruppa treng meir enn det arbeidspraksis i næringslivet kan gi, fordi dei manglar struktur, sosial trening, kunnskap om arbeidslivet og arbeidsdisiplin. Dei vil kunne nyttiggjera seg av eit lågterskel-tilbod der ein kan tilpasse veka etter kva den enkelte meistrar.

Leiaren for Ål og Hol trygd saman med prosjektleiaren vitja Nav Kongsberg. Dei driv eit 3-årig prosjekt ved namn "Jobb i sikte" for unge i alderen 16 – 25 år, langtidsmottakarar av sosialhjelp og einslege mødrer. Målet for prosjektet er å gjera brukarane i stand til å stå i arbeidsretta tiltak, som på kort eller lang sikt skal føre til jobb eller varig yting. Fem prosjekttilsette i Kongsberg kommune har 35 – 40 brukarar i alderen 21 – 35 år. Dei ser heile menneske gjennom tverrfagleg arbeid, nettverksbygging, fysisk og sosial trening), økonomirådgjeving, lære om jobbsøking, ulike aktivitetar og arbeidspraksis eksternt.

#### **4.2.1 Gjenbruksstasjon**

Ser ein Ål og Hol kommune under eitt peikar Kleivi næringspark seg ut grunna kollektiv transport og tilgang på arbeidsoppgåver frå bedriftene i nærområdet. Sidan prosjektet er eit "vinn-vinn-føretak" kom prosjektleiaren med ideen om å kunne ivareta både menneske og miljø gjennom gjenbruk. I møte med Hallingdal Renovasjon IKS vart forslaget fremma saman med kartlegging av interne arbeidsoppgåver til bruk i tiltaksarbeid. Leiaren var positiv til eit samarbeid, men hadde ikkje eigna lokale til drift. Prosjektet sikra seg deretter lokale hjå NorMec AS, i tillegg vart fleire arbeidsoppgåver kartlagt inne og ute.

*Prosjektleiaren reiste på bedriftsbesøk til OMA (Oppgård miljø- og arbeidstreningsenter). Selskapet er ei eigen eining underlagt avdelinga for vann, avløp og renovasjon i kommunen. Fire fulltidstilsette tek mot 18 - 25 personar til kartlegging og arbeidstrening i 7,5 – 37,5 timer pr. veke. OMA har tre grupper fordelt på vareinhenting/sortering, verkstad og butikk/kafé. I 2007 var bruttoomsettinga på kr. 1.100.000 for gjenbruksvarer og kafédrift med ei samla opningstid på 22 timer frå måndag til fredag og 65 tonn til gjenbruk.*

Vinn – Vinn gjennomførte ulike møte i Ål og Hol kommune med administrasjon og ordførarar. Søknad vart sendt til kommunane i november 2007 om midlar til igangsetting og oppussing av lokale hjå NorMec as. Tilbakemeldinga frå kommunen var at dei ikkje kan påkoste annanmanns bygg og bad om ei forprosjektplan for ein gjenbrukstasjon. Sidan Vinn AS Hallingdal og Hallingdal Renovasjon IKS er eit interkommunalt selskap valte Vinn –Vinn å utarbeide ein presentasjon av ideen med tanke på heile Hallingdal.

Vedtak i Regionrådet for Hallingdal mars 2008:

- Gjenbruksstasjon for heile Hallingdal med oppstart i Kleivi, samt liknande tiltak for Nedre Hallingdal på eit seinare tidspunkt.
- Hallingdal Renovasjon IKS og Vinn AS Hallingdal etablerer eit prosjekt med formål om å opprette ein gjenbruksstasjon i Kleivi.

Søknaden frå Vinn – Vinn vart trekt tilbake i juni 2008. Ny søknad vart sendt av Vinn AS Hallingdal og Hallingdal Renovasjon IKS til Ål og Hol kommune i oktober 2008 om tilskot til investeringsmidlar og driftsmidlar for etablering av "Hallingdal gjenbruks- og aktivitetssenter".

- Tiltaket er tenkt for 10 heildagsplassar, der fleire brukarar kan dele ein plass.
- 2 tilretteleggarar i fulltidsstilling, der kvar følgjer opp 5 – 8 personar.
- Sal av tenester til Kleivi område, t.d. vedlikehald av uteareal, catering, utvalte arbeidsoppgåver i kvar einskilt bedrift.
- Gjenbruk med verkstad og utsal.

Vinn – Vinn er no ute av arbeidet rundt etableringa av gjenbruksstasjonar i Hallingdal. Vinn AS Hallingdal og Hallingdal Renovasjon IKS arbeidar vidare med ulike byggalternativ. Det dreiar seg om Jølibygget ev. i kombinasjon med ein ekstra hall eller muligheiter i samband med eit nybygg i Kleivi.

#### **4.2.2 Ål kommune**

Ål kommune er kjøpar av ekstraplassar hjå Vinn AS Hallingdal innan VTA (varig tilrettelagt arbeid). Kommunen har brukarar knytt til psykisk helse uthospitert i det ordinære arbeidsliv. Prosjektet har fleire brukarar med hospiteringsavtalar etter initiativ og i samarbeid med psykisk helse og Nav.

##### **Tilrettelagte arbeidsplassar for brukarar tilknytt Prestegardsjordet**

Prestegardsjordet har i dag 10 brukarar med behov for arbeidsrelatert aktivitet. Nokre av desse er ivaretatt gjennom varige eller midlertidige tilrettelagte tiltak innan kommunen eller Vinn AS Hallingdal. Tiltaka har kome i stand etter initiativ frå tilsette i avdelinga.

Gjennom samarbeid med Røde Kors har brukarar drive med flaskehandtering, innsamling og reinhald av containerar i Røde Kors sitt lokale på Trolløya. Ål kommune har i tillegg kjøpt inn ei brakke i samband med vedproduksjon for ein annan brukar. Brukarane har i dag ikkje tilgang til toalett på arbeidsplassen.

Andre har igjen sitt arbeid knytt til bustadane på Prestegardsjordet. Det er ynskjeleg å få til eit arbeidssenter i Røde Kors-huset for fleire brukarar. Dette krev utbygging av lokale, tilrettelegging og oppfølging av arbeidsoppgåver.

Røde Kors kan sjølje om midlar frå bl.a. Helse- og Rehabilitering og Gjensidigefondet, men treng likevel tilførsel av mykje kapital. Vinn – Vinn har hatt kontakt med ulike offentlege

instansar og fond for å finne midlar. Svaret er; dei gir ikkje pengar til bygg eller dei seier det er eit kommunalt ansvar.

Vinn – Vinn har halde eller delteke på ulike møte med tilsette på Prestegardsjordet, tilsette innan helse- og sosial og personar knytt til Ål Røde Kors. Røde Kors har lagt ned ein del arbeid, samt kostnadars rundt konsulenttenester i samband med bygg og godkjenning av tomt m.m. Framdrifta har stått mykje på vent sidan Røde Kors er frivillig arbeid og i påvente av utkast, samt prisaar frå ulike entreprenørar. Tanken om eit samarbeid mellom ein frivillig organisasjon og kommunen er god, men vanskeleg å gjennomføre utan definerte ansvarsområde innan tiltaket. Ein veit ikkje heilt kven som gjer kva.

#### **Grøn omsorg**

Ål kommune har fått tilbod om grøn omsorg for brukarar av psykisk helse og Prestegardsjordet. Kommunen har ikkje sett seg i stand til å prioritere grøn omsorg i denne omgang.

#### **4.2.3 Hol kommune**

Hol har kome langt i tilrettelegging for brukarar rundt aktivitet og arbeidstilbod. Det er sett av midlar til ulike tiltak som sjølvbyggarprosjektet, tilrettelagte arbeidsplassar innan vedproduksjon i Djupedalen og flytting av MRA til Steensheim. For å kunne kome vidare i arbeidet er ein avhengig av handverkarar for å få sett i stand lokale til drift, samt tilsette for å drifte sjølvbyggarprosjektet.

#### **MRA (Miljø og rehabiliteringsavdelinga)**

MRA er eit dagtilbod for 10 – 14 brukarar av psykisk helse, drifta av 2,6 stillingar fordelt på ein aktivitør i 100% stilling og to hjelpepleiarar, alle med vidareutdanning i psykiatri. Dagens tilbod er aktivitetar innan ADL, kunst/kultur, fysisk aktivitet/friluftsliv, hobbyaktivitetar og noko produksjon.

Pågangen er stor, sjølv om tiltaket ikkje har vore marknadsført for brukarar grunna plassmangel. Vinn – Vinn har vore i kontakt med fleire, spesielt unge, som har behov for eit tilsvarande tilbod i ein startfase. For å kunne tilby dei ein dag med meining treng ein fleire aktivitetar tilpassa den gruppa. Vinn – Vinn har hatt eit nært samarbeid i heile prosjektperioden med psykisk helse rundt arbeidet med vidareføring av MRA. Avdelinga har gått til innkjøp av pc, skrivar og kamera. Lion gav avdelinga ei steinslipemaskin som skal settast i drift på Steensheim.

#### **Planlagde nye aktivitetar**

- Steinsliping
- Levering av sandwich til Helseekspressen
- Data med sal av tenester (overføring av biletar og dias til CD, samt video til DVD)
- Eigen heimeside med presentasjon av MRA, naturbilde og sal av eigne produkt
- Fotosafari med auge for fine steinar til sliping
- Produksjon av tekstilprodukt
- Småjobbsentral med sal av tenester til gamle og uføre

Våren 2008 var vi i kontakt med NTG (Noregs toppidrettsgymnas) vedrørande kantinedrift i Geiloallen for elevar ved NTG. Ulike løysingar vart undersøkt. Ideen vart skrinnlagt fordi

ein var usikker på om ein hadde tilstrekkeleg med brukarar til å drifta prosjektet ut frå dagens situasjon.

Etter initiativ frå Vinn – Vinn har tilsette innan psykisk helse starta opp med hobbykveldar og kafé ein kveld i veka på Velferdssenteret på Geilo. Det er få brukarar som har nytta tilbodet fram til no.

#### **4.3 Kostnadsoverslag for Vinn – Vinn**

Ål kommune har sett av 1.200.000,- til Vinn – Vinn fordelt med 400.000,- årleg i perioden 2007 – 2009. Hol kommune har sett av 1.432.000,- fordelt med 232.000,- i 2007 og 600.000,- for 2008 og det same i 2009, tillegg kjem 42.000,- i 2006 til prosjektering av Vinn – Vinn.

Økonomien og disposisjon av avsette midlar til prosjektet har vore uklart. Dette har ført til eit underforbruk av stipulerte midlar. Det har vore ulike meiningar om kva midlar ein har og korleis dei er tenkt brukt. Ein har derfor søkt løysingar som ikkje har utløyst bruk av pengar til anna enn løn, sosiale kostnadar, telefon og reise for dei tilsette. Ved å ikkje bruke midlar har ein heller ikkje kunna lagt til rette for varige tiltak.

Bruksområde	Årstal	Hol kommune	Ål kommune	Nav statleg fylke/lokalt	Totalt
Løn prosjektleiar inkl. sosiale kostnadar, 100% stilling	2007	37.756,-	37.756,-	75.512,-	151.024,-
	2008	97.437,-	97.437,-	194.874,-	389.748,-
	2009 *)	75.000,-	75.000,-	150.000,-	300.000,-
A – konto driftskostnadar prosjektleiar	2008	10.000,-	10.000,-	0,-	20.000,-
Løn tilretteleggar inkl. sosiale kostnadar, reise og driftskostnadar, 40% stilling	2008	38.334,-	38.334,-	0,-	76.668,-
	2009	76.666,-	76.666,-	0,-	153.332,-
Husleige Normec AS	2008	17.869,-	17.869,-	0,-	35.738,-
Konsulentteneste Vinn AS Hallingdal	2008	7.650,-	7.650,-	0,-	15.300,-
<hr/>					
Total kostnad pr. år	2007	37.756,-	37.756,-	75.512,-	151.024,-
	2008	171.290,-	171.290,-	194.874,-	537.454,-
	2009	151.666,-	151.666,-	151.000,-	454.332,-
<hr/>					
<b>Totalt for prosjektperioden 2007 - 2009</b>		360.712,-	360.712,-	421.386,-	1.142.810,-

\*) 2009 er bygd på kostnadar i 2008, tala er ikkje bekrefta av Nav sentralt.

Utgifter i samband med prestasjonsløn/oppmuntringspengar, kjøp av ekstraplassar på Vinn AS Hallingdal, samt kjøp av tenester og tilrettelegging av kommunale arbeidstiltak er dekka gjennom andre budsjett innan helse og sosial i kommunane.

## 5.0 Vurdering

Kva for profiliing og identitetsbygging ynskjer vi å bygge i Hallingdal i tida framover? Skal vi vera ein inkluderande eller ein "ekskluderande" region? Har vi bruk for den einskilte ut frå deira ståstad eller er det berre plass for dei "betrefungerande"?

Hallingtinget har vedteke Strategisk plan med tilhøyrande Handlingsprogram.

- Mål 4: "Helsefremmande tiltak i partnarskap skal; auke kompetanse, fremme aktivitet og god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal".
- Mål 5: "Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen".

Alle menneske er ein ressurs i seg sjølv, om dei vert gjeve dei rette mogelegheitene. Nokon gonger lyt ein spørja seg sjølv om det er premissane til brukarane eller systemet rundt ein må endra når nokon vert ståande utanfor aktivitet og arbeid. Sjølv om ein ikkje evnar å brødfø seg gjennom eige arbeid kan dei fleste vera til nytte likevel.

Arbeidsplassen er ein sentral nøkkel til fellesskap og inkludering i samfunnet. Ein arena for sosial deltaking som bidrar til auka livskvalitet gjennom meiningsfylte aktivitetar. I møte med andre menneske vil dei ofte spørja om kva ein arbeidar med, ikkje kor mange timer eller om arbeidet er lønna eller ikkje. Arbeidslinja står sterkt i Noreg, det gir status å kunne bidra i samfunnet. Kvifor har vi då ikkje meir fokus på restarbeidsevna til den enkelte?

Helsevesenet tek ansvar for den sjuke delen av menneske, men kven spør etter den friske delen om du har ei varig yting frå det offentlege? Ei nedprioritert arbeidsoppgåve for ein, kan vera den jobben som gjev dagen meinинг for ein annan. Arbeidslivet treng ikkje å vera ein enkel av- og påbrytar. Ein kan ved hjelp av tilrettelegging og oppfølging leggja inn fleire variablar og graderingar.

I forkant av arbeidstrening kan det ligge ein lang prosess med motiveringsarbeid for å starte opp i jobb. Med låg sjølvkjensle, lite eller ingen erfaring frå arbeidslivet og ustabilt sjukdomsbilete kan tanken på arbeid og forpliktande aktivitet vera uoverkommeleg. Erfaring viser at deltaking i arbeidslivet kan vere eit svært positivt bidrag for ein rehabiliteringsprosess.

Unge menneske og personar utan yrkesfaring kan trenge mykje oppfølging for å lære dei grunnleggande reglane innan arbeidslivet, arbeidarrolla og dei sosiale kodene. Menneske med "kjent" rusproblematikk slit ofte med svak impulskontroll, døgnrytme og stigmatisering i nærmiljøet. Personar med psykiske lidingar vil trenge tid til motivasjon for å våge, men vil ha mykje å hente ved å kunne meistre.

- For å kunne ivareta flest mogeleg vil ein trenge eit lågterskeltilbod med vektlegging på sosial trenin, stabilisering og grunnleggande læring om arbeidslivets normer innan trygge rammer.
- Ein vil og trenge oppfølging og tilrettelegging for menneske utplassert i det ordinære arbeidsliv eller på praksisplass, og eit aktivitets-/arbeidstilbod for menneske knytt til omsorg med tett oppfølging i daglelivet.

### 5.1 Kartlagt behov våren 2009

Nokon av dei som er med i kartlegginga har midlertidig plass på Vinn AS Hallingdal i dag, andre har midlertidige "arbeidsavtaler" på ulike arbeidsplassar eller anna tilbod gjennom aktivisering.

Rapportert 2009 frå:	Omfattar:	Hol kommune mengd og alder	Ål kommune mengd og alder
Nav	Flyktningar, andre yrkeshemma, samt rusklientar i Ål	6 personar	12 – 15 personar 1 flyktning
Konsulent for funksjonshemma	Psykisk utv. hemma, personar med psykiske lidingar	9 personar 13 - 50 år	10 personar 14-58 år
Psykisk helsevern	Personar med psykiske lidingar o.a., samt rusklientar i Hol kommune	14 - 17 personar alle aldrar	15 personar alle aldrar
Oppfølgingstenesta (OT)	Avbrote vidaregåande skule eller har serskilte behov	7 personar 16-24 år	10 personar 16-24 år
<b>Samla sum våren 2009 i kvar kommune</b>		36 - 39 personar	48 - 51 personar

## 5.2 Dagens situasjon

Dagtilbod og aktivitetstiltak vert tilbydd personar som ikkje kan gjera seg nytte av Nav sine tiltak. Sosialtenestelova pålegg kommunane å skaffe velferds- og aktivitetstiltak for blant anna funksjonshemma. Loven er ikkje spesifisert på dette punktet, slik at kva ein tilbyr kan vera veldig forskjellig. Dette opnar for store variasjonar i tilbod med lokale tilpassingar og praksisar på den eine sida, samtidig står ikkje den enkeltes lovfesta rett til innhald i tenestene spesielt sterkt. Har ein til dømes vorte tilkjent ein uføreying så har ein ikkje lovmessig krav på noko aktivitets-/arbeidstilbod, men derimot kan ein ha rett til ulike helsetilbod ved behov..

Hausten 2008 var nær 464.000 menneske i Noreg på uføreying, attførings- eller rehabiliteringspengar. Kvar femte nordmann i yrkesaktiv alder var utanfor arbeidslivet. I 1976 var uføreandelen 6%, medan i 2007 hadde talet stige til 10%. Av desse har 60% diffuse lidingar som muskel- og skjelleplager eller psykiske lidingar. Uføretrygding av unge menneske er sterkt aukande, mange i denne gruppa vil aldri kome i fast arbeid. Årsakene til dette kan vera mange, alt frå bortfall av yrker innan rutinearbeid og kroppsarbeid til høge prestasjonskrav og manglende oppfølging eller alternative løysingar utanom utdanning osb. Boka "Tiltaksarbeid i sosialtenesta og NAV – tett på" byggjer på eit forskningsprosjekt til HUSKs (Høgskule- og universitetssosialkontor) i Midt – Noreg med fokus på tiltaksarbeid i Trondheim kommune. Der lanserer dei 5 t'ar som sentrale element i tiltaksarbeid:

- Tid, tålmod, tru på folk, tillit og tilgjengeleight

Dei konkretiserar verdiane i si verksemid gjennom dei 5 f'ar

- Faglegheit, fantasi, fleksibilitet, fliring og folkeskikk

Etter kartlegginga i 2006 har det vore jobba aktivt rundt om i dei ulike avdelingane. Sosialkontora i Ål og Hol har jobba med avklaring av personar med sosialstønad som hovudinntekt. Av desse har fleire fått tilkjent midlertidige eller varige stønadar gjennom folketrygdlova, nokon har kome i arbeid, medan andre ikkje er aktuelle av andre årsaker. I dag er det eit fåtal som mottar berre sosialstønad i dei to kommunane. Nokre sosialmottakarar flyttar frå kommune til kommune og kan av den grunn vera vanskeleg å få avklart gjennom attføring eller andre tiltak.

Psykisk Helse har fleire brukarar med dagtilbod gjennom Varmestugu, MRA, Vinn AS Hallingdal, Vinn – Vinn eller anna arbeidsretta tiltak. Det vil i framtida vera behov for ytterlegare aktivitets- og arbeidstilbod til denne gruppa. Brukarar av psykisk helse er ingen homogen gruppe, derfor er det store variasjonar i meistring og tiltaksbehov.

Behovet er kanskje størst blant unge menneske. Oppfølgingstenesten (OT) i vidaregåande skule seier dei har til dømes 7 personar i Hol og 10 personar i Ål som pr. d.d. treng meir oppfølging i ein eller annan form i forhold til skule, lære-/praksisplass, arbeid eller aktivitet.

Dette er personar som ikkje har tilbod etter å ha droppa ut av skula, eller står i fare for å gjera det. Talet verkar kanskje ikkje avskrekkande, men tek ein i betraktning at OT berre er inne i ei kort periode medan dei unge er tilknytt vidaregåande skule er dette bekymringsverdig. Det er viktig å kunne fange opp dei unge før lediggang vert det ”normale”, som igjen kan føre til ei lang og krevjande tilbakeføring til skule, arbeid eller tiltak, om ein i det heile lukkast.

Prosjektleiar meinar ein vil sjå reduksjon i bruk av sosial- og helsetenester for brukarar med aktivitets-/arbeidstilbod. Brukarane vert sett på ein positiv måte, og fokuset vert flytta frå å vera ein passiv tenestemottakar til å vera ein ressurs gjennom eigen yting og meistring.

### 5.3 Nav – reforma - oppbygging

Sidan forprosjektet til Vinn – Vinn vart fullført har det skjedd store endringar i samband med samanslåinga av dei statlege etatane innan trygd og arbeid med den kommunale sosialtenesta til Nav (Nye Arbeids- og Velferdsetaten) i juni 2008. Dei tre største aktørane innan arbeid og velferd har i dag fleire og nye verkemiddel tilgjengeleg i same etat.

Ein ny kommunal kvalifiseringsstønad for mottakarar av sosialstønad eller personar som står i fare for å bli langtidsmottakarar av sosialstønad, kom i bruk frå hausten 2008. For å ha rett til stønaden må mottakaren delta i eit kvalifiseringsprogram der ein vektlegg ulike tiltak med tanke på å kome i inntektsgjevande arbeid på sikt. Nav kjøper i dag hovudsakleg dei arbeidsrelaterte tenestene frå Vinn AS Hallingdal eller Fretex gjennom statlege plassar.

Det ligg og inne i opptrapningsplanen for Nav frå mars 2010 at dei midlertidige ytingane rehabiliteringspengar, yrkesretta attføring og tidsbestemt uførestønad skal samlast inn under ein ny midlertidig folketrygd yting ved namn arbeidsavklaringspengar. Saman med søkjaren vil då Nav utføre ei behovs- og arbeidsevnevurdering med påfylgjande aktivitetsplan for vedtaksperioden.

*NAV sitt ansvarsområde for arbeids- og kvalifiseringsstønad er avgrensa til å gjelde ”personar som enten kan utføre eit arbeid i det ordinære arbeidsliv eller fyller vilkåra for deltaking i etatens ulike tiltak, også dei varige sysselsettingstiltaka (St.meld. 47, 1989-90, s. 50)“.*

Nav sine tenester ivaretak arbeid og aktivitet for personar med midlertidige lovfesta ytingar som dagpengar, individstønad, introduksjonsstønad, yrkesretta attføring og kvalifiseringsstønad. Dei følgjer opp arbeids- og aktivitetskrav for sjukepengar, rehabiliteringsstønad og tidsbestemt uførestønad.

Ål kommune har 6 faste plassar og Hol har 7 plassar innan VTA (varig tilrettelagt arbeid) hjå Vinn AS Hallingdal. Plassane vert finansiert gjennom statleg tilskot via Nav saman med ein kommunal del på 35% i tillegg til statleg del, for tida utgjer den kommunale delen vel 40.000,- pr. person årleg. VTA-plassane vart tidlegare brukt til psykisk utviklingshemma, i dag vert det meir av rus og psykiatri. Ut over dette har ikkje Nav noko tilbod for personar med uførepension.

Ungdom er rettigheitselever i vidaregåande skule. Nav har ein ungdomsgaranti for unge under 20 år. I 2009 kom ein utviding av garantien for aldersgruppa 20 – 24 år med ein oppfølgingsgaranti etter tre månadar for arbeidssøkarar og ein garanti om arbeidsmarknadstiltak etter seks månadar med lediggang. Nav tek ikkje direkte kontakt med personar utan økonomiske ytingar frå det offentlege. Derfor må ungdommen sjølv ta kontakt for å ta i bruk sine rettighetar. Takkar ungdommen nei til tilbodet eller har gjennomført til dømes eit kurs er garantien oppfylt.

Sidan kartlegginga i 2006 er hovudendringane følgjande: Sosialstønad vert berre brukt som supplement over tid. Kvalifiseringsprogram/-stønad med aktivitetskrav vert tilbydd

sosialstønadsmottakarar eller personar som står i fare for å bli det. Arbeidsfeltet til tidlegare Aetat er nå dagleg tilgjengeleg i alle kommunar. Meir kunnskap er samla under same tak med fleire og nye verkemiddel tilgjengeleg.

## 5.4 Rettigheitar for dei ulike brukargruppene

### Ungdom 16 år – 24 år

- *Foreldre har fostringsplikt fram til fylte 18 år om ikkje anna er fastsett eller avtalt. Vil barnet etter fylte 18 år halde fram med skulegang har det krav på pengetilskot for den tida skulegangen varer ved. Det skal fastsetjast ei tidsgrense for krav på tilskot etter denne regelen (jf. Barnelova §66 - §68).*
- *Rett til vidaregåande skule med 3 års heiltidsopplæring. Nokon fagområde gjev rett til fleire år i samsvar med fastsett læreplan. Elevar med rett til spesialundervisning har rett til inntil to ekstra år når eleven treng tida i forhold til opplæringsmåla til den enkelte. Heile retten må normalt takast ut i ei samanhengande periode på 5 år, eller 6 år når opplæring skjer i lærebedrift, og innan utgangen av fylte 24 år.*
- *Nav har ein ungdomsgaranti for unge under 20 år. I 2009 kom ei utviding av garantien for aldersgruppa 20 – 24 år med ein oppfølgingsgaranti etter tre månadar for arbeidssøkarar, samt ein garanti om arbeidsmarknadstiltak etter seks månadar lediggang. Har ungdommen gjennomført t.d. eit kurs eller takkar nei til tilbodet er garantien oppfylt.*
- *Ungdom med avtale om praksisplass gjennom Nav kan ha rett til individstønad.*

### Personar med ulike meistringsvanskar under kartlegging, opplæring og utprøving

Personar i denne gruppa kan ha rett til offentlege arbeidstiltak gjennom:

- *Yrkesretta attførинг (jf. kap.11 Folketrygdlova) dersom medlemmen på grunn av sjukdom, skade eller lyte har fått sin evne til å utføre inntektsgivende arbeid (inntektsverna) varig nedsett, eller har fått sine muligheter til å velje yrke eller arbeidsplass vesentlig innskrenka. Nav kjøper gjennom statlege midlar ulike kurs, kartleggingar og arbeidsutprøvingar frå bl.a. Vinn AS Hallingdal, Fretex og Podium AS for denne gruppa. Her vert det endring frå mars 2010. Yrkesretta attføringer vert slått saman med rehabilitering og tidsbestemt uførestønad til ein midlertidig stønad gjennom folketrygda ved namn arbeidsavklaring med behovsverdering, arbeidsavklaring og aktivitetsplan gjennom Nav. Arbeidstiltaka kan dermed verta aktuelle for heile brukargruppa.*
- *Kvalifiseringsstønad (jf. kap. 5A Sosialtenestelova) for langtidsmottakar av sosialstønad eller personar som står i fare å bli mottakarar. For å ha rett til stønaden må mottakaren delta i eit kvalifiseringsprogram der ein vektlegg ulike tiltak med tanke på å kome i inntektsgivende arbeid på sikt. I 2009 mottekk Nav Ål og Nav Hol kr. 542.279,- kvar i overføringer frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Pengane skal dekke meirkostnad til stønad, tiltak og meirarbeid for tilsette. Forventa aktivitetsnivå er 7 deltakarar i Ål og det same i Hol og totalt 32 deltakarar for heile Hallingdal. Nav Hallingdal er i forhandlingar om to plassar, øyremarka for kvalifisering fordelt på Vinn AS Hallingdal og Fretex. Kommunane kan også kjøpe tenester direkte eller nytte ledige statlege attføringsplassar.*

### Arbeid/aktivitet for personar med (varig) inntektsikring frå Folketrygda

Personar i denne gruppa kan ha rett til aktivitet/arbeid i spesielle tilfelle. Mottekk du ei uføreyting kan du tene inntil 1G årleg (pr. d.d. 72.881,-) etter eitt år, utan reduksjon i yttinga eller du kan soke om eit varig sysselsettingstiltak. Ål har 6 plassar, medan Hol har 7 faste varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) i Vinn AS Hallingdal. Desse plassane vart tidlegare nytta av psykisk utviklingshemma, no er det meir av rus og psykiatri.

*Psykisk helsevern, omsorgstenesta og Nav er behjelpeleg med å skape og legge til rette for arbeid/aktivitet for enkeltpersonar. Dette er ofte ad hoc-løysingar gjennom midlertidige avtaler eller "arbeidsplassar" skapt internt, knytt opp mot eigne avdelingar.*

## 5.5 Plassering av prosjektet

Prosjektleiar stiller spørsmål ved at arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiarstillinga med tilhøyrande kontorplass i utgangspunktet vart lagt til trygdeetaten, ein statleg etat med forvaltning av folketrygd og andre sosiale overføringsordningar som arbeidsfelt.

Ein vart dermed plassert utanfor det kommunale tenestesystem alt frå starten av. Samtidig sat kommunane med rådigheit over økonomi og var største leverandør av brukarar.

Tilretteleggjarstillinga vart deretter plassert inn under ein annan arbeidsgjevar utan direkte tilknyting til kommunal drift, nemlig Vinn AS Hallingdal.

Samanslåinga av Aetat, trygd og sosialkontoret til Nav i 2008 har medført mykje uro, der tilsette har trengt å ha fokus på læring av nye datasystem, regelverk og arbeidsrutinar framfor oppfølging av målgruppa. Samanslåinga har og vore av det positive, sidan Nav er både statleg og kommunalt. Ein har dermed kome nærare det kommunale system gjennom leiarane og dei kommunalt tilsette i Nav.

## 5.6 Innpass i kommunale organ

Vinn – Vinn er blitt møtt med store forventningar innan dei ulike avdelingane i kommunane. Fagområdet vart allereie ”ivaretatt” av mange, men som ein konsekvens av noko anna. Forventningane var forskjellige, alt frå at ein person skulle overta alle oppgåver rundt aktivitet og arbeid for alle brukarar med behov, til å skape tilrettelagte arbeidsplassar for heile grupperingar i kvar enkelt avdeling. Medan andre undra seg på kva deira arbeidsoppgåver ville bli sidan prosjektet skulle ivareta aktivitet og arbeid.

Prosjektet har blitt møtt med gode idear og mykje velvilje hjå enkeltpersonar tilsett i det offentlege. Tilsette brukar mykje møtetid og ressursar for å finne gode løysingar. Likevel fører ikkje tidsbruken fram til ynskjeleg resultat i mange høve.

Årsakene til dette kan vera mange:

- Mangel på system og tilrettelegging for aktivitet/arbeid på overordna nivå
- Mangel på alternative tilrettelagte aktivitets-/arbeidsplassar
- Krevjande tidsbruk for å leite fram løysingar, manglande ressursar til oppfølging av brukarar eller utanfor eige ansvarsområde
- Andre avdelingar innan kommunen ser ikkje ressursar i denne gruppa i fyrste omgang.
- Ein møter passiv eller aktiv motstand i systemet for å tenke nyskaping

Det har vore krevjande å finne prosjektet si rolle i systemet. I den seinare tid har arbeidet gått lettare. Prosjektet har vorte betre kjent med ulike instansar, deira tilsette og dei med oss. Ein veit meir kva ein kan forvente og ikkje.

## 5.7 Falle mellom stolar

Ein konklusjon på prosjektet kan vera at dersom alle har ansvaret, er ingen ansvarleg. Vinn – Vinn høyrer heime i dei fleste avdelingar innan helse- og sosial, vidaregåande skule og Nav, samtidig høyrer ein likevel ikkje til. Sjølv med definerte målsettingar, roller og målgruppe har det vore uklart på kva nivå ein skal arbeide innanfor systemet, kven ein skal og kan ta kontakt rundt ulike idear.

Ansvaret for at arbeidet vert gjort må vera klart fordelt. Fyrste året gjekk utan tilsetting av tilretteleggjarar i prosjektet, derfor vart opplevinga av å stå åleine forsterka. Ein person åleine kan ikkje sitje med heile ansvaret, og vera kommunane sitt ”alibi” for at dei tek målgruppa på alvor.

Erfaringa viser at tilsette innan stat og kommune er positive til tankar og idear der og då. Ulike løysingar vert drøfta og arbeidsoppgåver blir fordelt. Deretter må ein involvere fleire partar, finne midlar, avvente situasjonen grunna møte og fristar, til tider vert ikkje ting følgd opp. Ein av årsakene til dette kan ligge i at arbeidsoppgåvene rundt den utpeikte brukargruppa er på sidelinja av definert arbeidsområde for andre tilsette. Den gode ideen kan lett smuldre bort på vegen mot målet medan ein ventar på eit svar, eller brukaren er ikkje lenger motivert innan alt er på plass.

Sidan prosjektet famnar to kommunar i tillegg til andre verksemder innan fylke og stat, har det vore utruleg mange menneske, team, avdelingar og regelverk å ta omsyn til, kjenne til og ha meningar om. I tillegg kjem attføringsbedrifter, næringsliv og organisasjonar. Mykje tid har vore brukt til e-postskriving, telefonbruk, organisering og å få ting på plass. Samtidig med undring rundt når skal/kan ein ta kontakt, skal ein avvente eller skal ein stå på?

Prosjektet si oppleving er eit godt døme på korleis kvar enkelt brukar vert møtt. Alle er positive til at vedkommande viser initiativ for å kome i aktivitet/arbeid, men deretter er lite tilrettelagt. Resultatet kan lett verta kjensla av å vera meir til bry enn til gagn.

## 5.8 Unge brukarar

*NIFU (Norsk institutt for studiar av forsking og utdanning) har følgt nær 10.000 ungdommar på Austlandsområde frå grunnskula våren 2002 og fem år fram i tid gjennom prosjektet "Bortvalg og kompetanse". I Buskerud hadde 69,5% oppnådd studie- eller yrkeskompetanse etter fem år, 18,1% hadde gjennomført utan å bestå i eit eller fleire fag, medan 12,4% hadde slutta før dei var ferdige. Av dei 30,5% som enten slutta eller ikkje bestod hadde 27,8% ikkje bestått grunnkurs, 20,8% hadde bestått grunnkurs og 49,5% hadde bestått vkl. Bortfallet var størst innan yrkesfag, særleg i overgangen mellom to år i skule og to år i lære. Fleire gutter enn jenter sluttar. Risikofaktorar er: låge karakterar i ungdomsskulen, foreldre med låg utdanning, fleirkulturell bakgrunn eller bur på hybel med lang heimreise.*

*Forskningsleiar i NIFU-STEP-rapporten anslår at rundt 10% manglar føresetnadane for å kunne oppnå full studie- eller yrkeskompetanse. Meir bruk av lærekandidatordninga med reduserte læremål som fører fram til eit kompetansebevis kan vera ei løysing for denne gruppa. Andre løysingar kan vera større veksling mellom læretid i skule og i bedrift. Hovudpoenget må vera å skape alternative vegar som gir meistring som igjen stimulerar til læring og gjennomføring gjennom planlagde løp, ikkje akutte nødløysingar når alt anna har mislukkast.*

*Ungdom i alderen 16 – 20 år er kanskje den mest sårbarane gruppa med tanke på å falle mellom stolar. Av dei som droppar ut av vidaregåande skule i Noreg vil 33% gå til arbeid/praksisplass og 55% vil ende opp i arbeidsløyse. Ein finn dei att i uehdige statistikkar som fortel om auking innan områda unge sosialmottakarar, unge uføre, mistriksel og depresjon blant unge og negative ungdomsmiljø-/grupper. Fram til utgangen av grunnskula har det vore eit kommunalt ansvar med lovpålagt skulegang med tilhøyrande tenestetilbod. Så overtar fylkeskommunen gjennom vidaregåande skule, og kommunen mistar lett oversikten over den enkelte.*

*Oppfølgingstenesta for ungdom (OT) er eit lågterskeltibod til ungdom som ikkje nyttar seg av retten til 3 år i vidaregåande skule. OT tek kontakt og gir tilbod om rådgiving til ungdommane. Elevar som sluttar i løpet av skuleåret i vidaregåande skule får gjennom rådgivar på skulen tilbod om kontakt med OT.*

### OT kan bidra med:

- kontakt med Nav, arbeidsgjevar
- kontakt med andre hjelpeinstansar
- søknad om skuleplass

Oppfølgingstenesten (OT) i vidaregåande skule har ei 100% stilling fordelt på heile Hallingdal. Kvar haust mottek OT ei liste med elevar som ikkje har søkt skule, har takka nei til skuleplass eller ikkje kome inn. Det kan dreie seg om rundt 220 ungdommar i Hallingdal. OT sender då ut brev til den enkelte og ber om ei tilbakemelding. Vedkommande kan til dømes ha fått skuleplass utanom fylke, eller ha ordna seg læreplass eller arbeid på eige hand. Om ungdommen ikkje gjev svar tilbake forsøker OT å ringe vedkommande.

OT kan derfor vera linken til å vidareformidle kontakt inn i det kommunale systemet igjen. Droppar dei ut er det ingen som har ansvaret for å fange dei opp direkte. I mange tilfelle er ikkje løysinga tilbakeføring til skulen i fyrste omgang. Systemet vil ikkje kome i kontakt med

dei sidan dei vert forsørgja av foreldre og må ikkje ta kontakt med t.d. Nav for å sikre seg økonomisk bistand. Etter initiativ frå Vinn – Vinn har Hol i dag faste møter med OT, koordinerande team og Vinn – Vinn der ein tek opp personar OT er bekymra for. I Ål kommune tek OT kontakt med naturlege samarbeidspartnarar ved behov.

OT erfarer at ungdom med diagnose vert fylgd godt opp i kommunane, det er ikkje her utfordringa ligg. Det er ungdom utan tilknyting til hjelpeapparatet ein ikkje maktar fange opp.

### **5.8.1 Praksisplassar for ungdom**

Praksisplassar er eit godt verkemiddel for ungdom i alderen 16 – 21 år som ikkje veit kva utdanning dei ynskjer eller er skuletrøyte. Erfaringsmessig er det lettare å finne praksisplassar raskt i det private næringsliv sidan det er kortare veg til dei som tek avgjærder der enn i kommunane. Ved å ha faste plassar ståande til rådighet med ein kontaktperson for praksisplassformidling i kommunen vil ein kunne fange opp ungdommen raskt. Dette er viktig for å unngå ein lengre tilbakeføring etter passivitet. Oppfølgingstenesta føler det haster å få ungdommen over på ein praksisplass når vedkommande ”droppar” ut. OT har avgrensa mogelegheit for å kunne følgje opp kvar enkelt elev ute på praksisplassen.

I 2005 vart det gjennomført eit samarbeidsprosjekt ved namn ”Alternativ Læringsarena” . Føremålet var bl.a. å etablere praksisplassar innan ulike yrkesområde der ungdommen kan prøva ut og få yrkespraksis i 3 – 10 månadar. Ål og Hol kommune vart spurta om 5 – 6 praksisplassar kvar og prosjektgruppa fekk positive svar tilbake frå personalsjefane i kommunen. Det vart ikkje skrive nokon konkret samarbeidsavtale med kvar enkelt kommune om faste og definerte praksisplassar.

### **5.8.2 Arbeidsinstituttet Buskerud**

Buskerud fylkeskommune er åleine i landet om å ha eit Arbeidsinstitutt for ungdom. Tilbodet er ein alternativ læringsarena med 150 plassar fordelt på fire avdelingar i Drammen, Kongsberg, Ringerike og Modum. 170 – 200 elevar nyttar tilbodet årleg, her får dei praktisk opplæring og karriererådgjeving. I 2008 var 86,7% av skuletrøytt ungdom som hadde vore innom Arbeidsinstitutta i skule eller arbeid etter tre år.

Arbeidsinstituttet har eigne verkstadar, dei samarbeidar og med andre arbeidsplassar. Opplæringa er praktisk lagt opp med produksjon for sal eller eige bruk. Dei har tilbod bl.a. innan snekkerfag, mekaniske fag, kantine og keitering, media, sal, service, formgiving og natur. I tillegg er det pedagogisk verkstad med tilbod om opplæring i norsk, matematikk, engelsk, data, samfunnsfag m.m.

Ål vidaregåande skule avd. Lien har til dømes bygningsmasse som ikkje er i bruk. Her kunne det vore mogeleg å tenke seg eit liknande tilbod for Hallingdal. OT melder om 17 personar til saman i Ål og Hol, ut frå dei tala skulle ein tru behovet var mellom 35 – 40 personar i Hallingdal.

## **6.0 Tiltråding**

Vinn – Vinn – prosjektet ved styringsgruppa kjem med følgjande tilråding til Ål og Hol kommune:

**Hovudmål:** Alle innbyggjarar i Ål og Hol kommune bør ha mogelegheit for å bidra i samfunnet ut frå eige fungeringsnivå. Dei som ynskjer arbeidsrelatert aktivitet skal få eigna tilbod om dette.

- Arbeidsområdet til Vinn – Vinn vert delt med vidareføring på regionalt og kommunalt nivå. Prosjektet opphører som eit interkommunalt samarbeid mellom Nav, Ål og Hol kommune.
- Det er viktig for alle tilsette og brukarar i kommunen å ha ein fast plass å ta kontakt om ein ynskjer arbeidsrelatert aktivitet. Der kan ein få rådgjeving, formidling, hjelp til å finne eigna plass ut frå eige ståstad, inngåing av avtaler og oppfølging.
- Ein treng handlingsrom gjennom avsette midlar til aktivitet og arbeid. Midlane kan nyttast til kjøp av tenester hjå attføringsbedrifter, bønder, arbeidsgjevarar, eller å skape kommunale arbeidstiltak og løn til brukarar.
- Kva type teneste brukaren mottar må vera styrt ut frå brukaren sitt eige behov, ikkje ut frå kva post i budsjettet det finst pengar på. Derfor må årlege midlar avsett til arbeidsrelatert aktivitet følgje brukar framfor tiltak.

### **6.1 Samarbeid mellom Vinn AS Hallingdal og kommunane**

Vinn AS Hallingdal er eit interkommunalt selskap eigd av dei 6 kommunane i Hallingdal. Dei har i dag eit tilbod for dei ”svakaste” utan 1:1 oppfølging gjennom VTA (varig tilrettelagt arbeid), og personar med behov for tidsavgrensa kartlegging, oppfølging og arbeidsavklaring gjennom Nav. Vidaregåande skule kjøper skreddarsydde tenester gjennom ulike kurs og utprøving gjennom arbeidspraksis, gjerne kombinert med skule. Vinn AS Hallingdal sel ulike tenester til kommunane etter behov, også i samband med Kvalifiseringsprogrammet.

Hallingdal manglar eit lågterskeltilbod til bruk for unge menneske, personar utan yrkeserfaring med stort oppfølgingsbehov for å lære dei grunnleggande reglane innan arbeidslivet, arbeidstakarrolla og dei sosiale kodane, samt personar med psykiske problem og/eller rusproblematikk.

Tiltråding:

#### Hallingdal gjenbruks- og aktivitetssenter

- Regionrådet for Hallingdal fatta i mars 2008 vedtak om gjenbruksstasjon for heile Hallingdal med oppstart i Kleivi, samt liknande tiltak for Nedre Hallingdal på eit seinare tidspunkt. Vinn AS Hallingdal og Hallingdal Renovasjon IKS fortsett arbeidet med oppretting av ”Hallingdal gjenbruks- og aktivitetssenter”, eit kommunalt lågterskeltilbod med ulike avdelingar i øvre og nedre Hallingdal. Styringsgruppa tilrår ei utviding av tilbodet i Vinn AS Hallingdal og ser ”Hallingdal gjenbruks- og aktivitetssenter” som eit nytt supplement til dagens statlege tiltakskjede.  
Utgangspunktet til brukarane vil vera svært forskjellig, derfor må ein tilby

arbeidstrening på ulike nivå med tilrettelegging og tett oppfølging etter behov. Arbeidsevnevurdering og kartlegging må inngå i tenestene for enkelte brukarar. Her vil ein trenge interne og eksterne arbeidsplassar med oppsökjande verksemd ut mot oppdragsgjevarar i nærområde. Søknad om investeringsmidlar på kr. 1.353.000,- og årlege driftsmidlar på kr. 1.281.000,- er sendt Regionrådet for Hallingdal den 20.05.09.

- Det er teneleg å ha Vinn AS Hallingdal som ein samarbeidspart for alle målgrupper. Vinn AS Hallingdal sel tenester og har fagleg kompetanse innan arbeidspraksis, tilrettelegging, ulike kurs innan opplæring, personleg økonomi, data, kartlegging, vegval og jobbsøking. Dette er tenester brukarar kan ha nytte av i ei individuell pakke for å bli bevisst og få opplæring på vegen fram til arbeid. Prosjektet tilrår vidareutvikling av Vinn AS Hallingdal til å verta Hallingdalskommunane sitt kompetansesenter for målgruppa. Kommunen set av midlar til kjøp av tenester frå Vinn AS Hallingdal og ev. andre utbydarar.

## 6.2 Kommunalt nivå

Det er viktig å videreføre arbeidet til Vinn – Vinn. Ved å samle tenestene knytt til arbeidsrelatert aktivitet på ein stad vil tenesta bli meir tilgjengelig for brukarar og andre tilsette i kommunen. Samtidig må ein legge arbeidet til rette gjennom utarbeiding av retningslinjer, budsjetterte midlar, tiltakspllassar, organisering og administrativ plassering.

### Tilråding:

- Opprette eller omdefinere ei kommunal stilling øyremerka for arbeid og aktivitet. Stillinga skal ivareta rådgjeving, kartlegging, tilrettelegging, samordning av hjelpe tiltak og oppfølging av målgruppa. Det er viktig at stillinga famnar alle med behov for bistand i samband med arbeidsrelatert aktivitet uavhengig av årsak eller tilknyting til andre kommunale tenester. Likevel vil ei administrativ tilknyting til avdeling psykisk helse vere naturleg for å kunne kombinere arbeidstrening med oppfølging og behandling ved behov.

Følgjande arbeidsoppgåver kan tilleggast denne stillinga: Sjå pkt. 6.2.1 – pkt. 6.2.5

### 6.2.1 Samarbeid mellom vidaregåande skule, OT og kommunane

Oppfølgingstenesta (OT) i vidaregåande skule sit på nøkkelen for å kunne fange opp skuletrøtt ungdom med fare for å droppe ut av skulen. Vidaregåande skule kan yte skreddarsydd opplæring for svake elevar med store behov for oppfølging og kommunale tenester. Dette må kommunane nytte seg av gjennom samarbeid, opplæring og førebygging.

### Tilråding:

Stilling for arbeid og aktivitet skal sikre:

- Faste samarbeidsmøte med oppfølgingstenesta (OT) i kvar kommune.

- Ei fast OT - kontakt i kvar kommune med ansvar for rådgiving, inngåing av praksisavtalar med arbeidslivet og oppfølging av ungdom i arbeid på praksis-/lærepllass ved behov.
- Tilrettelegging av framtidige ”varige” arbeidstiltak for ungdom med nedsett arbeidsevne i samarbeid med vidaregåande skule. Kjenner skulen til framtidig arbeidsplass, kan dei bidra med skreddarsydd opplæring til elevar med spesielle behov. Dette vil lette overgangen frå vidaregåande skule til arbeid/arbeidsrelatert aktivitet i vaksenlivet og etablering i eigen bustad. Kommunen opprettheld kontakten med brukaren, ein sparar ressursar ved å legge til rette for ei målretta utdanning med vekt på brukaren sine mogelegheiter i tida framover.

#### **6.2.2 Praksisplassar til ungdom**

Sidan Hallingdal ikkje har ei avdeling under Arbeidsinstituttet Buskerud (pkt.5.8.2) er regionen sårbar når skuleelevar droppar ut eller vert skuletrøytt. Praksisplassar med oppfølging vil vera eit godt alternativ. Ved å etablere praksisplassar vil ein kunne tilby ungdom plass umiddelbart. Det vert i dag brukt unødige ressursar kommunalt, innan OT og Nav for å leite opp ein eigna praksisplass, dette kan medføre inntil 6 månadars ventetid for ungdomen. Ungdom med praksisplass skal ikkje ha løn frå oppdragsgjavar, men kan ha rett til stønad gjennom Nav.

Tilråding:

Stilling for arbeid og aktivitet skal arbeide for:

- Opprettning av 5 – 6 faste praksisplassar for ungdom innan det kommunale system i kvar enkelt kommune. Dette kan t.d. vera innan barnehage, omsorg, kultur, miljø, vedlikehald og IKT. Arbeidet bør bli utført i nært samarbeid med personalsjefen (jf. munnleg avtale i 2005 med personalsjefane i Ål og Hol kommune). Ein lyt ha ein kontaktperson for praksisformidling med oversikt over bruken av dei enkelte plassane. Plassane vil verta nytta ved behov.
- Etablering av praksisplassar innan statleg og privat verksemد.

#### **6.2.3 Arbeidstiltakspllassar/aktivitet for personar med (varig) inntektssikring frå Folketrygda**

I denne gruppa vil ein finne menneske i ulike aldrar med svært ulikt fungeringsnivå og meistringsevne. Alt frå personar med 1:1 oppfølging, rus og psykiske problem til personar med somatiske lidinger. Nokon har ingen yrkeserfaring, medan andre kan ha høgare utdanning eller ha vore i arbeidslivet gjennom fleire år. Derfor er det viktig å kunne tilby ulike arbeidsrelaterte tiltak.

Interne postbod, reinhald av kommunale bilar og måltidsvert innan omsorg er gode døme på kommunale arbeidstiltak. Andre oppgåver kan vera snømoking, ordensmann, søppelhandtering, hjelpeemann, aktivisering og hjelp til eldre, vedlikehald, postutsending, merking av tøy osb. For å oppnå dette må ein ha ei overordna målsetting om ei inkluderande kommune med bruk for alle ut frå deira ståstad.

#### Tilråding:

Stilling for arbeid og aktivitet skal arbeide for:

- Kartlegge og trekke ut enkle rutineprega arbeidsoppgåver innanfor det kommunale system til bruk for arbeidstiltak.
- Kartlegging av enkle rutineprega arbeidsoppgåver innan statleg og privat verksemde til bruk for arbeidstiltak.

#### **6.2.4 Prestasjonsløn / oppmuntringspengar**

I dag betaler Hol kommune tjue kroner pr. time i prestasjonsløn til alle med avtale, medan ÅL betalar tjue eller femti kroner i oppmuntringspengar etter om det er eit reelt arbeid eller eit sysselsettingstiltak. Denne løna er skattepliktig og kjem i tillegg til anna offentleg inntektsikring. Ansvaret for arbeidsavtaler og timelister er i dag tillagt Nav med utbetaling gjennom personalkontoret i kommunen.

#### Tilråding:

Stilling for arbeid og aktivitet skal arbeide for:

- Utarbeiding av retningslinjer for prestasjonsløn/oppmuntringspengar, samt vedtak om faste satsar for reelt arbeid og sysselsettingstiltak.
- Forenkling av saksgang, behandlingstid og tilgang til oppdrag ved å samle og avsette ein årlig budsjettpost til løn for brukarar ved arbeidsrelatert aktivitet uavhengig av oppdragsgjevar.

#### **6.2.5 Anna**

#### Tilråding:

Stilling for arbeid og aktivitet skal:

- Arbeide for samordning av kommunale midlar avsett til arbeid og aktivitet.
- Utnytte statlege ordningar gjennom Nav der det er mogeleg.
- Halde seg orientert om utlyste midlar til bruk innan ulike prosjekt og tiltak.

#### **6.2.6 Økonomi**

Kommunane må sette av midlar i budsjettet til arbeid og aktivitet. Dette vil gje handlingsrom til kjøp av tenester frå Vinn AS Hallingdal utover dei faste plassane innan varig tilrettelagt arbeid (VTA), kjøp av plassar i det ordinære arbeidsliv, oppmuntringsløn til brukarar, reisetilskot, tilrettelegging og andre tenester i samband med aktivitet/arbeid. Her er det viktig at pengane ikkje vert låst opp mot dei ulike tiltaka, men følgjer brukarane sine behov.

**Tilråding:**

- Lønns- og driftsmidlar til fast stilling eller bruk av eksistrerande stillingsheimel.
- Sette av fleire midlar til kjøp av eksterne tenester og kommunal tilrettelegging i samband med arbeidsrelatert aktivitet. Stillinga lyt ha pengar som eit verktøy for å kunne kjøpe arbeidsrelaterte aktivitetar for brukarar. Dette inneber også ei oppjustering av budsjettet til oppmuntrings-/prestasjonsløn og reisetilskot for brukarar.
- Eventuelle nye tiltak utanom dagens tiltak må innarbeidast i økonomiplanarbeidet i kommunen.

**6.2.7 Særlege tiltak**

**Styringsgruppa tilrar:**

- Ål kommune og Ål Røde Kors til å fortsette arbeidet med utviding av Røde Kors-huset på Trolløya til eit arbeidssenter med flaskesortering og andre arbeidsrelaterte aktivitetar.
- Hol kommune å halde fram med vidareutviklinga av miljø- og rehabiliteringsavdelinga (MRA) i Hol til ein base for arbeid og aktivitet i etaten.
- Hallingdal gjenbruks- og aktivitetssenter vert handsama i Regionrådet for Hallingdal som eige sak.

Styringsgruppa og tilsette i Vinn – Vinn ser prosjektet som fullført og avslutta den 31.08.09. Vi takkar Ål og Hol kommune for oppdraget og håpar at arbeidet vert vidareført i Hallingdal og i kvar einskilt kommune.